

MOSTER GRENDAUTVAL

- Årsmelding 2015 -

Mostring?



Ein Mostring sit ikkje berre heime og glø...

FOLKEMØTE

Ingenting slår eit sterk lag. Og ingen kan slå eit lag som består av engasjerte og patriotiske Mostringar!

Moster Grendautval inviterer Deg og dine til møte om oss sjølve
Torsdag 12. mars kl. 19.00 - 22.00 i Moster Amfi.

PROGRAM:

- Presentasjon av Moster Grendautval sitt arbeid
- Gjennomgang av regnskap
- Saker under arbeid

Avtroppende og påtroppende rådmenn stiller på møtet for å informera om følgjande saker:

- Feriekaen på Moster
- Vegprosjekt - Kor ska vegtraasen gå ned mot sentrum og når er oppstart
- Tettstadanalyse
- Salg av vafler og kaffi under møtet.

Me gler oss til å sjå deg!

Annonsse og plakatfor er levert av Vinnarskulle.no



Me vil ynskja små og store velkommen til
Førjulsfest på Moster 28. november

Program:

Kl.14:00 Julokafei og juleverkstad i Moster Amfi.
Sal av julegraut, kaffi og vafler. Det vert juleverkstad og julemusikk.

Kl.14:45 Sal av faklar Moster gamle kyrkje.
Barna under 12 år kan kjøpe fakkar med følge av voksne.

Kl.15:45 Barna går frå Moster Amfi via grøveparken.

Kl.16:00 Oppstart arrangement, julegrammenning ved Moster Gamle kirke.
Årsel Lygde, Moster Skulekorps, Moster Drill og Juletablå ved Lene Løvstoft.

Kl.16:15 Fakkeltoget går frå Moster gamle kyrkje opp til sentrum.

Kl.16:30 Nissen og hjelpeussane deler ut godteposar
på parkeringsplass ved Sentr.
Her vert det gjenskonkurranse "EVEN er nissen" Fin premie frå Froken Fryd!

Moster sentrum ynskjer velkommen!

-Oppriving av Moster drill og musikk av Moster Skulekorps.
-Moster danselag under held mot fin dans
-Somatr serverer gratis kakao til barna

Moster sentrum held oppe til kl.20:00. Kjøvi til kl.21:00.

Velkommen!!

Moster Grendautval, Moster Sentrum, Kyrkja i Remis, Moster Amfi, Grøveprosjektet, Moster Drill og Skulekorps.

Styret for 2015 har vore:

Leiar: Ingvald Grindheim

Nestleiar: Roy Fimland

Styremedlemmer: Tony Hidle, Asbjørn A Sætre, Gerd Nancy Notland, Isak Grindheim,
Reinert Røksund, Kåre Spissøy, Grethe Sivertsen

Valnemnd: Magne Pedersen, Odd Asle Borlaug

Revisorar: Heidi Torkelsen Fagervik, Thorleif Holme

Prosjekt: Røyksundskanalen

Prosjekt: Næring

Prosjekt: Ungdomsklubb

Prosjekt: Julegate / førjulsfest

Prosjekt: Tur og friluft

Prosjekt: Santiago

Prosjekt: Kommunale planar, politikk

Prosjekt: Velkommenfalder

Prosjekt: TV aksjon

Prosjekt: Mostraparken

Reinert

Roy, Tony,

Isak, Heidi, Aslaug, Per C

Gerd Nancy, Tony

Knut Magne, Sissel

Kåre

Asbjørn, Reinert

Grethe

Sissel, Grethe

Kåre, Lene

1 GENERELT

MGU har i 2015 hatt nok eit aktivt år, med fokus på utvikling av Moster. Det har vore fleire samlingar med bygda - og grupper i bygda – mange har vore involvert.

Hovudaktivitetar i 2015:

- Ungdomsklubb
- Røyksundskanalen
- Turgjengen på Moster
- Julearrangement
- Poltikarmøter og valmøte med debatt
- Moster omsorgsområde
- Santiago seminar

Styret oppfattar at aktivitetane i 2015 har stadfesta at Moster Grendautval bør vera eit sentralt lag i utviklinga av Moster regionen. Når det er sagt bør Moster Grendautval heile tida utvikle seg, bli betre, så potensialet for forbetring i 2016 er heilt klart til stades.

2 AKTIVITETAR 2015

MGU har i 2015 arbeidd med følgjande saker:

Dynamiske Mosterhamn

3-årig Liv og Lyst prosjekt støtta av Innovasjon Norge, Hordaland Fylkeskommune og Bømlo kommune, i tillegg til andre finansieringskjelder. Går over 3 år 2012-2014. Prosjektet har i 2015 levert inn sluttrapport.

Hovudområder for dette prosjektet har vore:

- Omdøme og identitet
- Bygde og tettstadplanlegging
- Santiago
- Næringsutvikling
- Idébank
- Marinarkeologi og dykking
- Møteplasser og ungdomsklubb

Julegate i sentrum

Dato for julegateopning var 28.november. Arrangementet er samarbeid mellom MGU, Moster Sentrum, Moster Amfi, Moster Drill og Skulekorps.

Det var eit svært vellukka arrangement som fekk gode tilbakemeldingar frå publikum og fin omtale i pressa. Det starta i Moster Amfi, vidare gjekk ein i prosesjon gjennom religionshistorisk senter opp til kyrkjebakken utanfor den gamla kyrka. Der vart det framført vakkert juletablå, og det store juletreet med kuler og lys vart tent. Det vart og tent lys i aléen på Svendsamyra. Prosesjonen med julenisse med hest og vogn framføre flott fakkeltog enda opp ved butikkane i Sentrum. Her delte nissen ut godteposar til borna, og Moster drill hadde oppvisning. Butikkane kåra Årets Mostring! Dette unike adventsarrangementet bitt saman Moster Amfi, Mostraparken og sentrum.

Arrangementet krev mykje arbeid, men me håper å få dette til å bli ein tradisjon.

Turgjengen på Moster

Det er kjekt og melda om flittig bruk av turløypene på Moster, veldig mange mostringar og tilreisande er å sjå løypene. Året har blitt brukt til å ferdigstille og vedlikehalde alle løypene som er blitt laga i regi av Turgjengen.

Turløypa i Totlandsskogen har i 2015 blitt brukt som ei av løypene i Bømlo Turlag sine "10 Toppturer", og løypa har vore med i Frilivsrådet-Vest sine "Tellturer-2015". Turgjengen på Moster blei kåra til "Årets Mostring -2015" og fekk pris for dette under Førjuls festen på Moster. Turgjengen har i 2015 også trekt og delt ut premiar til heldige brukarar av løypene på Moster.

Me har ein framtidsdraum om å få realisert ei universell turløype, lysløype på Moster. Me trur at ei slik løype vil vera enklast å realisera i Grindheimskogen med tanken på økonomisk stønad då ei slik løype vil gi tryggare skuleveg og knytte boligområder saman. Turgjengen på Moster slik den fungerer i dag, har ikkje kapasitet til å realisere dette. Eit vidare initiativ bør helst komma frå grunneigarar av skogen i sammen med bebuarar i området i samarbeid med Grendautvalet/ Turgjengen/ kommunen.

Moster Omsorgsområde

MGU har ei gruppe som har jobba for å få til betre tilbod for eldre på Moster. Gruppa har i 2015/16 hatt møter med leiande personar som har med helsetenester i vårt område å gjera. Gruppa skreiv brev til politikarane før kommunevalet, og har hatt innlegg i lokalpressa. Moster Alderspensionat vart bygd ca. 1960, og treng fornying. Moster treng ein mellomstasjon mellom det å bu i eigen bustad og sjukeheim. Moster Alderspensionat treng fornying, betring og omdefinering av tilbodet.

Me treng: **Omsorgsbustad med heildøgnsbemanning og fast personalbase på Moster.**

Gruppa frå MGU skal vera med når planen Kommunedelplan Helse-sosial-omsorg skal rullerast våren 2016. MGU er og engasjert i prosjektet Helsefremjande lokalsamfunn.

Røyksundskanalen

I løpet av 2015 har prosjektet hatt god framdrift og er godt i gong med realisering. Sikring av kantar langs gamle bygningar ved brua er ferdigstilt. Det er inngått avtale om utføring av hovudprosjektet med Waage Anlegg AS. Alle godkjenningar og løyver frå kommune og fylke er på plass. Mudring har planlagt start i mai 2016, forventa anleggsperiode 3 månader (i tillegg kjem ein månad fellesferie).

Kommunen har bidratt med 2 millionar til prosjektet i tillegg til mange andre aktørar (sjå rekneskap). Me manglar framleis noko midlar men dette kjem an på om ein får momskompensasjon eller ikkje. Prosjektet vil verta satt i gang sjølv utan fullfinansiering så vil me eventuelt måtte avslutta når det er tomt for pengar. Siste rest vil uansett måtte takas etter ny bru er bygd i Røyksund, då Vegvesenet skal reinska opp under bygge området.

Ungdomsklubb

Ungdomsklubben har hatt eit aktivt år i flotte lokale som ungdommen sjølv har vore med å fiksa på. Lokala vært også nytta av kaffiklubben.

Santiago prosjektet - Marinarkeologi og Dykking

Prosjekt for å fokusere på leiting og undersøking av historia rundt Santiago-forliset. Samarbeid mellom Bømlo Sportsdykkere og Moster Museum.

Næringsforum

Det har vore få fellestreff og samlingar for næringa på Moster i 2015. MGU ynskjer at etablerte bedrifter samlast for å diskutere muligheiter, samt at nye bedrifter etablerer seg på Moster. MGU ynskjer i 2016 å få til møte med Atheno og kommunen. Dette for informasjon og dialog for alle som ønsker å starte bedrift samt tips til eksisterande bedrifter på Moster.

Det har i 2015 vore dialog og møter med rådmann i Bømlo Kommune angående næring og satsing på Moster. Me har også hatt dialog med Statens Vegvesen angående gangfelt, gangsti og avkjørsler i Mosterhamn sentrum, samt kommunen sitt eventuelle sal av "ferjekai" område/areal i Mosterhamn,

I forbindelse med Julegateåpning har bedriftene i sentrum møttes fleire gonger.

Det vart kalla inn til møte med Rådmann og Vegvesen i desember 2015, og møtet var 7. januar 2016. Dette var eit sær møte angående vegen frå Salem og ned til Sentrum, og generelt om Bømløpakken. Mange bedrifter frå Moster var invitert og ein del stilte opp.

4 ØKONOMI (revidert årsrekneskap)

MGU har fortsett ei relativ stor omsetning, i all hovudsak med årsak i Røyksundskanalen og Dynamiske Mosterhamn prosjektet.

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Inntekter	kr 398 461	kr 621 250	kr 643 367	kr 284 757	kr 155 401	kr 199 768	kr 154 055	kr 11 297
Utgifter	kr 606 758	kr 582 000	kr 321 383	kr 268 737	kr 209 159	kr 207 655	kr 67 078	kr 3 660
Resultat	kr -208 298		kr 321 984	kr 16 020	kr -53 758	kr -7 887	kr 86 977	kr 7 637
Til disp 31.12.2015*	kr 174 509		kr 382 807	kr 60 823	kr 44 803	kr 98 561	kr 106 448	kr 19 462
Røyksundskanalen	kr 179 689							
MGU anna	kr -5 180							

Merknader:

- I beløpet til disposisjon ligg det kr 174 509 avsett til Røyksundkanalen

5 ÅRSPLAN 2016

MGU vil ha følgjande fokusområder i 2016:

- Omdømebygging Moster
- Dei gamle på Moster – Eldresenteret
- Dei unge på Moster – Ungdomsarbeid
- Næring på Moster
- Planarbeid, vegarbeid
- Tur og friluft
- Santiago (seminar og spel)
- Mostraparken
- Røysundkanalen

Mosterhamn april 2016
Styret